

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 8. februar 2019 11:39  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 6/2019, 8. FEBRUAR 2019.

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 6/2019, 8. FEBRUAR 2019.**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### **"FABULOUS PRESENTATION" AV HIVJU & MOLVÆR HIVJU**

Internasjonal dag vart gjennomført onsdag 6. februar, og dei store og kloke stjernene var ekteparte Kristofer Hivju og Gry Molvær Hivju. Sistnemnde er tidlegare voldastudent. Mange oppdateringar på sosiale media av hendinga, blant anna denne:

<https://twitter.com/daverking/statuses/1093152082939572224>

<https://m.facebook.com/mediavolda/>

### **STUDENTVEKA OG STUDENTREVVY 10.-23. FEBRUAR**

Studentveka 2019 tek til søndag 10. februar og studentrevyen "X3MT" har framsyningar 10., 11. og 12. februar.

Billettar til arrangementa i veka - inkludert studentrevyen - finn du på Tikkio: <https://tikkio.com/organizer/180-studentsamfunnet-i-volda>

Meir om Studentveka og revyen på deira Facebook-sider: <https://nb-no.facebook.com/VEKAIVolda/>

### **MØTE MED VOLDA KOMMUNE**

Høgskulen og Volda kommune har hatt samrådsmøte og vorte samde om å opprette eit forum for utvikling av høgskuleområdet. Høgskulen vil kome med framlegg til mål for arbeidet og vil invitere aktuelle aktørar til forumet. Dette er ei direkte vidareføring av eit møte om same tema 21. januar.

<https://www.hivolda.no/nyhende/vil-samarbeide-om-campusutvikling>

### **PARKERING PÅ HVO: KAMP OM PLOSSANE**

Statsbygg har leigd inn Asplan VIAK til eit delprosjekt om reisevanar og parkering ved Høgskulen i Volda. Ved ei teljing på to vanlege vekedagar i januar viste det seg at ca 95 prosent av parkeringsplassane var i bruk. Teljinga stadfestar inntrykket av at her er trangt om plassen midt på dag. For dei som leitar etter parkeringsplassar kan det vere verd å merke seg at det var flest ledige plassar på sørsida av Ivar Aasen-huset mot Kiwi og bak paviljongane i retning sjukehuset. Delprosjektet er del av planarbeidet for det nye mediehuset som skal byggast mellom Hans Strøm- og Berte Kanutte-huset.

### **GÅR VIDARE MED PARKERINGSREGULERING**

Høgskulen og Volda kommune går vidare med arbeidet med parkeringsregulering i høgskuleområdet. Det vil no bli leigd inn ein konsulent som skal lage ein plan for parkeringsregulering, og målet er å få dette på plass til skulestart hausten 2019.

### **VIDAREUTDANNING FOR LÆRARAR: REKORDMANGE TILBOD FRÅ HØGSKULEN**

Høgskulen i Volda tilbyr i alt 16 studietilbod og har inntil 550 studieplassar i satsinga "Kompetanse for kvalitet". Det er barnehagehagelærarar, grunnskulelærarar og yrkesfaglærarar i vidaregåande opplæring som er dei sentrale gruppene i satsinga.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/kompetanse-kvalitet-rekordmange-tilbod>

### **INNSPEL TIL AREALPLAN I VOLDA KOMMUNE**

Direktør Per Halse har sendt brev til Volda kommune i høve arbeidet med arealplan for kommunen. I brevet skriv Halse at høgskulen har behov for meir areal til parkering, ønskjer å samordne gang- og sykkelveggar i området og ønskjer også at tilhøva for offentlege kommunikasjonar blir teke godt omsyn til i planen.

## **MASTEROPPGÅVE FRÅ HØGSKULEN I VOLDA FÅR BREI OMTALE I "JOURNALISTEN"**

Stine Mari Velsvik har skrive masteroppgave ved Avdeling for mediefag og har studert kva som skjer med nyhendevideoar når dei blir klipte om for å bli distribuerte på sosiale media. Oppgåva har fått eit stort oppslag i fagbladet Journalisten med overskrifta: "– Dagsrevyen selger troverdigheten i jakten på likes på Facebook".  
<https://journalisten.no/dagsrevyen-facebook-hogskulen-i-volda/dagsrevyen-selger-troverdigheten-i-jakten-pa-likes-pa-facebook/349593>

## **HAR DU PLANAR OM Å SKRIVE LÆREBOK?**

Fleire forlag premierer dei beste idéane til nye norske lærebøker: Universitetsforlaget – 100 000 kroner, søknadsfrist 23.04.2019: <https://www.universitetsforlaget.no/Laerebokprisen-2019>  
Cappelen Damm Akademisk – 100 000 kroner, søknadsfrist 06.05.2019:  
<https://www.cappelandammundervisning.no/Faglitterærtforfatterstipend>

## **NY VIDEO: "WELCOME TO VOLDA"**

Anders frå Danmark startar videoen med å seie: Det regnar mykje her - men sjå kor spennande det kan vere her! Ja - han seier det på engelsk ...

<https://www.youtube.com/watch?v=rUZsQJkklc&feature=em-uploademail>

## **NYTT OM TILSETTE**

### **Fellesadministrasjonen:**

Niels Jørgen Andreasen har teke til i engasjement som prosjektleiar i 2019.

### **Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning:**

Ion Patrick Francis Drew har slutta.

### **Avdeling for samfunnsfag og historie:**

Chalakh Kaveh har gått over i fast stilling som førsteamanuensis på historie.

Professor Rune Kvalsund har slutta frå stilling ved Institutt for sosialfag.

Margit Ystanes har teke til i fast stilling som førsteamanuensis på Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS)

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

14.2.2019: HMS-dag. Tema: Seksuell trakassering.

21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH

22.2.2019: NSD informerer forskingsutvalet og faglege leiarar om personvern i forskning.

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

## **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## REKTORBLOGGEN

### "Helseforetaket bør lære av Nordøyvegen" (7.2.2019)

Budsjettmodellen til Helse Midt-Noreg bør vurderast av eksterne fagmiljø. Drakampen om Nordøyvegen viste verdien av å la ulike fagmiljø kome med alternative vurderingar.

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/02/07/helseforetaket-bor-laere-av-nordoyvegen/>

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>